



Fylkesmannen i Rogaland

## **Endeleg rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune 5. og 11. desember 2018**

<b>Tidsrom for tilsynet:</b>	5. og 11. desember 2018
<b>Kommunen si adresse:</b>	Tysvær kommune, Rådhusvegen 9, 5575 Aksdal
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	beredskapskoordinator John Leiv Dalseng
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	revisjonsleiar Reidar Johnsen og revisor Maren Skåden
<b>Dato for førebels rapport:</b>	29. januar 2019

### **Samandrag**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile tryggingstiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Tysvær kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekkja 2 avvik i tilsynet med Tysvær kommune.

### **Avvik 1**

Tysvær kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### **Avvik 2**

Tysvær kommune oppfyller ikkje alle krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovudinntrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	5
6. Deltakarar i tilsynet .....	6

## **1. Bakgrunn for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Tysvær kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

## **2. Rammer for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 15. mars 2018, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 5. desember var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøte var 11. desember 2018.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekkja under revisjonen. Avvik er manglende etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresagnene i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

## **3. Hovudinntrykk**

I Tysvær kommune har mykje av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap blitt utført av få personar. Disse slutta i 2018. Dette gjer arbeidet sårbart. Fylkesmannen vil rá kommunen å integrere dette arbeidet meir i dei relevante tenesteområda. Ein måte å gjere det på er å blåse liv i ressursgruppa for beredskap som inneheld representantar frå aktuelle tenesteområde. Denne ressursgruppa kan vere ein viktig medspelar til beredskapskoordinator og gi arbeidet større bredde og betre kontinuitet. Det er positivt at ny rådmann jamleg har samfunnstryggleik som tema i leiarmøta og at det er varslingsøvingar av kriseleninga fire gonger i året.

Det er ikkje så mykje som skilje kommunen frå å kome gjennom tilsynet utan avvik. Fylkesmannen vurderer den heilskaplege ROS-analysen frå 2015/2016 til ikkje å vere heilt i tråd med minimumskrava i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Desse svake punkta blei påpeika allereie i Fylkesmannen si høyringsuttale til analysen av 29. mai 2015. Det er også viktig at den heilskaplege ROS-analysen blir et levande dokument ved at konklusjonane blir følgd opp. Me kan ikkje sjå at det

føreligg dokumentasjon på kva tiltak som gjort noko med, kva tiltak som framleis er u gjort, kven har ansvaret og om det er satt tidsfrist.

Kommunen har eit godt fundament i samfunnsdelen til kommuneplanen. Vi finn elles spesielt å trekke fram «årsplan for samfunnssikkerhet og beredskap», der har kommunen på ein oversiktleg og kortfatta måte sagt noko om status, prioriteringar og arbeidet framover i tid. Kommunen har og utvikla eit godt samarbeid med Kårstø-anlegget gjennom møter og hyppige øvingar der kommunen deltek. Gjennom tilsynet har Fylkesmannen erfart at det er utarbeida mykje dokumentasjon på mange område. Det tar tid å kome gjennom sjølv det viktigaste. Nokon av dokumenta kan med fordel gjerast kortare for å gjere dei enklare å sette seg inn i.

#### **4. Resultat frå tilsynet**

Følgjande avvik blei avdekkja i tilsynet med Tysvær kommune:

##### **Avvik 1**

Tysvær kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova, jamfør forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgende lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelsesloven § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 2 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen kan ikkje dokumentere at involveringa av eksterne har vore god nok, jamfør i den samanheng rettleiar til heilskapeleg ROS punkt 3.2.1 og 3.2.2.
- Ein konsekvens av at eksterne aktørar ikkje har vore tilstrekkeleg involvert i vurderinga av relevante sårbarheitsfaktorar er at nokre av skilnadene vert for generelle. Dette gjeld mellom anna kommunikasjon. I punkt 3.2 går det fram at deler av kommunen har dårlig telefon- og breibanddekning, men analysen seier ikkje noko om kva områder dette gjelder eller på kva måte dette kan vere ein sårbarheit- eller risikofaktor i kommunen. I risikovurderinga under dfu nr 15 «dyrehelse» burde det stå meir konkret informasjon om status i kommunen. Det same gjeld kraftforsyning og matforsyning. Kommunen sine skildringar må vere tydelegare på korleis kommunen er sårbar og kva områder som er utsett. Dette for at analysen skal gi eit godt grunnlag for å utarbeida tiltak som kan redusere sårbarheten.
- ROS-analysen inneheld ikkje ein systematisk vurdering av kva hendingar som kan krevje befolkningsvarsling.
- Det går ikkje fram av analysen om kommunen har vurdert risiko utføre kommunegrensene.
- Kommunen si evne til å oppretthalde eiga drift, og ta opp igjen si verksemd er ikkje tilstrekkeleg vurdert.

## **Avvik 2**

Tysvær kommune oppfyller ikkje krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 1, 3 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen har utarbeida eit skriftleg system for å sikre krava til det heilskapelege og systematiske samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i tråd med krava i forskriftena, men systemet er ikkje tilstrekkeleg implementert i organisasjonen. Kommunen manglar ein oversikt over oppfølging av- og dokumentasjon på lukking av tiltak identifisert i ROS.

## **5. Grunnlagsdokument**

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Tysvær:

- Organisasjonskart
- Kommunal planstrategi
- Kommuneplan 2015-2027 – samfunnsdelen
- Beredskapsplan
- Årsplan 2018-2019 Samfunssikkerhet og beredskap 2018-2019
- Heilskapeleg risiko- og sårbarheitsanalyse
- Høyring, annonse og høyringssvar
- Politisk godkjenning heilskapeleg ROS og beredskapsplan
- Handlingsplanar
  - Atomulykke/radioaktiv stråling
  - Brann i publikumsbygg, omsorgsbygg, bustadkompleks
  - Brot på samband
  - Brot på vannforsyning
  - Ekstreme værsituasjoner
  - Gassulykke, ulykke ved Kårstø
  - Influensaepidemi, pandemi
  - Trafikkulykke mange skadde, farleg stoff
  - Truslar, sabotasje, terror
  - Plan for evakuerte og pårørandesenter
- Rutiner reglement IT
- Evaluering av hendingar 7-8 januar 2016, 20. januar 2016, 29.-31.juni 2016, 26. desember 2016, 12. januar 2017.
- Rapport frå øving 14. september 2017.
- Plan for helsemessig beredskap

- Plan for psykososialt kriseteam
- Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa
- ROS analyse for vannforsyningen i Tysvær kommune revidert 2016
- Rapport fra Mattilsynet

## 6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opmøte	Intervju	Sluttmøte
Sigmund Lier	ordførar	X	X	X
Sigurd Eikje	rådmann	X	X	X
John Leiv Dalseng	beredskapskoordinator	X	X	X
Tor Leif Helgesen	økonomisjef	X		
Bjørn Bruaset	teknisk sjef	X	X	X
John Fredrik Rongsvaag	konst. plansjef	X		X
Eli Krokedal	skolesjef	X		X
Hanne Lise Myrvoll	barnehagesjef	X		X
Annbjørg Lunde	omsorgssjef	X		X
Anders Netland	kultursjef	X		X
Kristin Helle	PO sjef/informasjonsleiar kriseleriinga	X	X	X
Jorid Vea Isdahl	helse- og førebyggingssjef	X		X
Thorstein Holtskog	arealplanleggjar/loggførar	X	X	

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Maren Skåden, revisor/seniorrådgivar